

" Vest-Telemark Kraftlag AS

Vest-Telemark Kraftlag AS vart stifta i 1940 og er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Selskapet driv med produksjon, omsetning, nett og breiband. Talet på årsverk er om lag 65. Produksjonen er organisert gjennom Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%) og Grunnåi Kraftverk AS (15%) på 240 GWh. Nettavdelinga har ei inntektsramme på 90 mill.kr., 13000 nettkundar og eit omfattande nett; - 7 trafostasjonar, 2800 km med linje/kabel (0,23 - 66 kV) og 900 nettstasjonar. Nettet har ei lokal avdeling i Treungen i Nissedal kommune. Hovudkontoret er på Høydalsmo i Tokke kommune. Høydalsmo ligg ved E134 sentralt i Vest-Telemark og har gode forhold for idrett og friluftsliv heile året. Bygda har ungdomsskule og berre 20 km til vidaregåande skule.

Ved hovudkontoret i Høydalsmo er det ledig stilling(ar) som

Energiingeniør

Arbeidet omfattar planlegging, bygging og drift av kraftlagets nettanlegg, samt andre oppgåver ved driftsavdelinga. Stillinga inngår i ein ingeniørstab på 5-6 personar som alle rapporterer til nettsjefen. Ein må rekne med å bli pålagt deltaking i vaktordning som overordna vakt. Nødvendig opplæring vil bli gjeve.

Søkjarar må minst ha 3-årig elektroteknisk ingeniørutdanning (eventuelt fagskule i kombinasjon med erfaring og annan relevant kompetanse). Stillinga har stor grad av kunde- og grunneigarkontakt. Gode evner til å uttrykke seg munnleg og skriftleg vil difor bli vektlagt. Nettavdelinga er inne i eit generasjonsskifte og stillinga som nettsjef vil bli ledig i løpet av 1-2 år.

Løn etter nærare avtale. VTK har eiga pensjonskasse med vilkår som i andre offentlege ordningar. Einebustad vert stilt til disposisjon for nyttilsette. Verksemda disponerer fleire personalhytter.

Spørsmål om stillinga kan rettast til adm.direktør Ketil Kvaale (tlf. 35075720) eller nettsjef Øyvind Tore Kleiv (tlf. 35075713). Annonse ligg også på **www.vtk.no**.

Søknad med CV og kopi av dei viktigaste vitnemål/attestar vert å sende pr post til **Vest Telemark Kraftlag AS, 3891 Høydalsmo** eller pr epost til **firmapost@vtk.no**.

Søknadsfrist: onsdag 7.april 2010 "